



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 01.06. 21.

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 27.05.21.  
Møtetid: kl. 19.00.  
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Toril Lange .  
Meldt forfall : Ellinor Henjesand Austreim . Andreas Ester og Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

### Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

### Sakliste

#### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkallinga og saklista.

#### Godkjenning av referat frå møtet 22.04.21.

Det var ingen merknad til referatet.

#### Sidan sist.

Dugnad på gravplassane Kyrkjebø og Vadheim 28.4. med godt oppmøte.

Flott arbeidsinnsats og fin kaffistund .

Årsmøte for soknet avvikla 2.5.

Gudsteneste begge stader 17.mai.

Friluftsgudsteneste i Måren 2.pinsedag, med ca 13 frammøtte.

#### Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

Redaksjonsmøte for utgjeving av Helgestunder der alle sokna er representerte, bør finne stad i slutten av august. Soknerådsleiaren tek ansvar for innkalling til eit slikt møte.

#### Årshjulet.

Soknerådsmedlemene gjekk gjennom årshjulet. Fyller inn meir utover året.

#### Soknepresten har ordet.

Soknepresten møtte ikkje. Toril Lange las ei bøn om fred .

### Meldingssaker:

#### 210014 Trusopplæringa i soknet framover.

Kyrkjelyds-pedagog Toril Lange var invitert til møtet, og orienterte om tidlegare planar, gjennomførte aktivitetar og tankar for arbeidet vidare :

Ei stor utfordring med låge barnetal og få døypte.  
Fungerer bra å arrangere samling for born i samband med ei gudsteneste.  
Dele ut bøker til alle born på utvalde alderstrinn.  
Påskevandring med utdeling av bok og premie.  
Tilskot til leiropphald. (td i Lavik kr 200 pr barn )  
Bruke konfirmantane aktivt i trusopplæring.  
Alternativ bruk av kyrkja , td familiesamlingar i staden for tradisjonell gudsteneste.  
Evt myldresamling for born under 6 år ein kvardags-ettermiddag, td « onsdagsklubb.»  
Evt arrangere samling på skulefridagar .

Forslag :

tårnagent-helg saman med haust-takkefest på Kyrkjebø 23.- 24. 10, for 3. – 7. klasse.

Ynskjeleg fag- kompetanse i framtid: pedagogisk kunnskap og kristent verdigrunnlag.  
Viktige samarbeidspartar utanom kyrkje-tilsette er frivillige medarbeidarar i kvart sokn.

Soknerådet vil måtte utforme ein konkret trusopplæringplan på eit seinare tidspunkt, basert på drøftingane rundt dei fire punkta som var nemnde i innkallinga.

M o t formell organisering vil det vere andre organ som avgjer dette til sist.

## **210015 Helgestunder.**

Kyrkjebø Sokneråd bidreg med følgande stoff til neste utgåve :  
Dugnaden på kyrkjegarden ved Helga Hjetland.  
Gåve til kyrkja frå Oddvar Hjetland ved leiar .  
Friluftsgudstenesta i Måren. Irene spør Mary Ann Måredal.  
Opa kyrkje i sommar ved leiar

### **Vedtaksaker:**

#### **Sak 0013/21: Gudstenesteplan frå 01.08. og utover hausten.**

**Vedtak:** Gudsteneste-plan vart vedteken slik den føreligg..

#### **Sak 0014/21 : Vedlikehald – prioritering.**

##### **Vedtak :**

Kyrkjebø sokneråd tilrår overfor HKF at tiltaka i vårt sokn vert utført slik den framgår av notatet som fylgde innkallinga. Notatet vert å sende HKF, og ligg ved denne protokollen.

#### **Sak 0015/21 : Opa kyrkje sommaren / hausten 2021.**

Soknerådet diskuterte innhald, td musikk, organisering og kunngjering.

##### **Vedtak :**

Det vert opa kyrkje på Kyrkjebø desse fire onsdagane frå kl. 18.00 – 20.00: 30.6., 14.7., 11.8. og 25.8.  
Det bør vere to personar til stades. ”Vaktliste” og eventuelle innslag vert arbeida vidare med.

#### **Sak 16 / 21 : Ymse.** Ingen innmeldte saker under ymse.

For Kyrkjebø sokneråd

Aud Kjersti Haugen  
Medlem i soknerådet